



# Årsmelding 2013



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Visjon  
Vi vernar verdiar

Truverdige

Hjelpsame

Samhandlande

# Innhold

## **Lotteri- og stiftelsestilsynet**

Direktøren si oppsummering	4
Slik er vi organisert	5
Nøkkeltal for 2013	6

## **Lotteritilsynet**

Nye pengespel på nettet	8
Ønsker turneringspoker	11
YouTube stengde ute reklame	11
Ekspertgruppe vurderer framtida	12
Klart for ny befolkningsstudie	13
Hjelpelinja i 2013	14
Nytt digitalt nettkart	15
IAGR-konferansen	16
Statistikk pengespel i 2013	18

## **Stiftelsestilsynet**

Milliardar til gode formål	26
Stiftelseskonferansen 2013	28
Tilsyn i store stiftelsar	29
Ny klagenemnd	30
Temakontroll i bustadstiftelsar	31

## **Moms og grasrot**

Første grasrotkontroll	34
Passerte milliard i momskompensasjon	36
Nye grasrottilsyn i 2014	37

## **Dialog og service**

Vi satsar på digitalisering	39
Nominert til årets nettstad	40
Det skjedde i 2013	41

# Lotteri- og stiftelsestilsynet 2013



*Leiarteamet i Lotteri- og stiftelsestilsynet, frå venstre avdelingsdirektør Bjørn Morten Øen i administrasjonen, avdelingsdirektør Gunn Merete Paulsen i Stiftelsestilsynet, kommunikasjonsdirektør Anne Mette Hjelle, direktør Atle Hamar, avdelingsdirektør Elna Berge i Lotteritilsynet og fagdirektør Kåre Eide i Teknisk utvikling og drift.*

# Tid for endring av pengespelmarknaden

2013 representerte ei endring i den norske pengespelmarknaden etter nokre stabile år. Rett etter årsskiftet introduserte Norsk Tipping sine nye pengespel på nettet, og Lotteritilsynet brukte mykje ressursar på å godkjenne både spelereglar og dei einskilde spela i forkant.

Vi meiner at Norsk Tipping med dei nye nettspele kan tilby spel som er i tråd med målet om at vi skal ha ansvarlege pengespel her i landet. Spela skal kanalisere speling frå utanlandske nettstader inn mot ansvarlege norske spel. I tillegg vil dette gi eit vesentleg bidrag til samfunnsnyttige formål.

## Ny politikk

Den nye regjeringa gjorde det klart at dei ønskte endringar i pengespelpolitikken ved at det skal opnast for poker som turneringsspel. I tillegg vil regjeringa greie ut om det er aktuelt å opne den norske marknaden for utanlandske nettspelselskap gjennom ei lisensordning.

Gjennom ekspertutvalet som Kulturdepartementet sette ned skal vi vurdere korleis teknologien påverkar utviklinga på pengespelmarknaden. Sjølv har eg gleda av å leie arbeidet i gruppa av svært kompetente medlemmer. Målet er at vi mot slutten av 2014 skal levere ein rapport som munnar ut i framlegg til framtidig regulering av norske pengespel.

## Den største stiftelsen

2013 var året då vi kunne registrere Norges største stiftelse. Olav Thon Stiftelsen tilførte stiftelsessektoren over 25 milliardar kroner i eigenkapital og meir enn 3000 arbeidsplassar. Vi trur denne stiftelsen representerer ein trend der vi i framtida vil oppleve at heile eller delar av store private formuar blir plasserte i stiftelsar for å sikre eit langsiktig eigarskap.

Etableringa av Olav Thon sin nye stiftelse utløyste ein debatt som klart viser at det er behov for meir kunnskap om stiftelsar som organisasjonsform. Her vil Stiftelsestilsynet i framtida aktivt bidra til å auke kunnskapen om fordelar og plikter med å bruke stiftelse til trygg og sikker forvaltning av ein formue.

Bustadstiftelsar er eit område der det er behov for at Stiftelsestilsynet tek sterkare grep. Særleg gjeld det bustadstiftelsar som kommunar har oppretta. Bustadstiftelsar var difor eit naturleg val for temaundersøkinga Stiftelsestilsynet skal gjennomføre i 2014.

## Ansaret for Grasrotandelen

Grasrotandelen vart i 2013 ein del av vår tilsynsportefølgje. Ordninga har vokse til å bli eit viktig tilskot til heile 25 000 lokale lag og foreningar. Vi veit at der det er mykje pengar, er det også nokon som urettmessig prøver «å ete av lasset». Difor er den ryddejobben vi starta i 2013 viktig for at grasrotordninga ikkje skal tape legitimitet.

## Milliard i momskompensasjon

Totalt fordelte Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2013 for første gong ein milliard kroner i momskompensasjon – idrettsmomsen inkludert. I 2014 har vi gleda av å dele ut 200 millionar kroner meir sidan summen på statsbudsjettet er på 1,2 milliard kroner. Dermed er eit uttalt mål nådd ved at den frivillige sektoren på denne måten skal få tilbakeført minst ein milliard kroner i året.

Med dei nye grasrotoppgåvene, og aukande momstildeling, styrkte Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2013 si store kontaktflate mot den store frivillige sektoren.




Atle Hamar  
dirketør

# Slik er vi organisert



## Lotteri- og stiftelsestilsynet



# Nøkkeltal for 2013

- Ved utgangen av året var det 66 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Av disse var 20 tilsette i Lotteritilsynet og 14 i Stiftelsestilsynet.
- 30 tilsette var knytte til stabs- og støttefunksjonane, medrekna direktør, sekretariat for Lotterinemnda og dei fem som jobba med momskompensasjon.
- 35 av dei tilsette var kvinner - 31 var menn.
- Gjennomsnittsalderen for kvinnene var 44,8 år - for mennene 45,9 år.
- Sjukefråværsprosenten var 4,5 pst for dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Rekneskapen for dette året viste utgifter på 77,9 millionar kroner.
- 60 prosent av forbruket gjekk til løn og godtgjersler.
- Netto mindreforbruk var om lag 2 millionar kroner.
- Refusjonen frå Norsk Tipping er på 33,7 millionar kroner.
- Refusjonen frå Norsk Rikstoto er på 2,28 millionar kroner.
- Gebyr frå lotteri gav 8 millionar kroner i inntekter.
- Årsavgift på stiftelsar utgjorde 19,8 millionar kroner.
- Gebyr frå nye stiftelsar nådde 280 000 kroner.



# Lotteritilsynet



Elna Berge er avdelingsdirektør i Lotteritilsynet.



Alle tre teama i Lotteritilsynet samla. Første rekkje frå venstre: Monica Alisøy Kjelsnes, Målfrid Kibsgaard, Steinar Mjøs, Synnøve B. Pukallus og Stig Årdal. Andre rekke frå venstre: Johnny Gustavsen, Anne-Lise Bekjorden, Cecilie Brændmo Dahlgren, Trine Levanger, Inger Helen Stenevik og Turid Søggen. Bak frå venstre: Silje Sægrov Amble, Trude Iren Hessvik, Liv Røthe, Linda Vøllestad Westbye, Frank Hana, Trygve Hermansen og Jonny Engebø.



# Viktig arbeid med førebygging

Førebygging av uheldig speleåtfærd stod sentralt i Lotteritilsynets arbeid i 2013. Det gjelder både under arbeidet med spelereglane til Norsk Tipping sine nye nettspel, og i tilsynsarbeidet mot begge dei to store statlege spelselskapa.

Norsk Tipping introduserte sine nye nettspel i januar 2014 under namnet Instaspill. Ved introduksjonen hadde Lotteritilsynet godkjent 68 forskjellige spel i hovudkategoriane kasinospel, bingo og skrapelodd på PC, mobil eller nettbrett.

## Mange verktøy

Før lansering gjennomførte Lotteritilsynet kontroll av det førebyggjande arbeidet mot uheldig speleåtfærd i Norsk Tipping. I arbeidet med spelereglane la Lotteritilsynet vekt på at den nye norske nettspelmarknaden skal ha ansvarlege pengespel. Difor inneheld spelereglane ei rekke ansvarlegheitsverktøy, som til dømes

- at spelaren må setje egne grenser for tap og innsats
- bevisstgjerung av tida som blir brukt på speling
- spelepausar og eksklusjon frå all speling – om ønskjeleg i lang tid
- sjølvtestar av speleåtfærd
- tilbod om PlayScan – eit verktøy som gir spelaren beskjed om uheldig speleåtfærd

## Ingen lokkemiddel

I spelereglane er det sett maksimale grenser for kor mykje ein spelar kan tape på ein dag (4000 kroner), ei veke (7000 kroner) og ein månad (10 000 kroner). Desse tapsgrensene skal fungere som eit siste sikkerheitsnett.

Spelereglane set også grenser for marknadsføringa av dei nye spela. Det er til dømes ikkje lov å bruke økonomiske lokkemiddel i form av gratis pengar eller andre personlege bonusprogram.

## Manglande overskot

Lotteritilsynet har i 2013 hatt ein del arbeid med bingoentreprenørar som vart politimelde på grunn av manglande utbetaling av overskot til formål. Lotteritilsynet ser alvorleg på alle tilfelle av manglande utbetaling til formål, og slike saker blir alltid prioritert.



*Team statlege spel jobba mykje med godkjenning av spel og spelereglar før dei nye nettspele til Norsk Tipping vart introdusert. Frå venstre Trude Iren Hessvik, Frank Hana, Liv Røthe og Trygve Hermansen.*

For å redusere skadeverknadane i slike tilfelle, er det frå 1. januar 2014 innført krav om at alle bingo-entreprenørar må rapportere rekneskapsopplysningar fire gonger i året.

### Nye pyramidar

Det dukkar stadig opp nye pyramideliknande omsetningssystem i Norge, og i 2013 vart det opna tilsynssak mot to av dei. Det vart jobba mykje med å finne ut om World Ventures er ein ulovleg pyramide eller ei. Lotteritilsynets konklusjon var at dette World Ventures var ein lovleg pyramide.

Mot slutten av året vart det også opna sak mot selskapet Lyoness etter at mange personar tok kontakt med Lotteritilsynet for å få svar på om dette kan vere ein pyramide. Heller ikkje for Lyoness sin del vil det bli konkludert før i løpet av 2014.

Lotteritilsynet gjennomførte ein større revisjon av Norsk Tipping sine tiltak for å førebyggje kampfiksing. Rapporten vil vere klar vinteren 2014.

### Ikkje eit lykkespel

I 2013 konkluderte Borgarting langsmannsrett i ei straffesak med at pokervarianten Texas Hold 'em ikkje er å rekne som eit lykkespel etter straffelova. Retten vurderte likevel ikkje spelet etter lotterilova. Lotteritilsynet la difor til grunn at også denne forma for poker ikkje er eit lovleg pengespel i Norge før det blir gjort endringar i lov eller forskrift.



*Seniorrådgjevar Monica Kjelsnes Alisøy jobba mykje med forskriftsarbeid i 2013.*

# YouTube stengde for ulovleg reklame

YouTube blokkerte i 2013 for ei rekkje reklamesnuttar som retta marknadsføring for utanlandske pengespel til den norske marknaden.

Utanlandske pengespelselskap nyttar i stadig større grad sosiale medium som kanal for ulovleg reklame inn i den norske marknaden. Dette førte til at Lotteritilsynet sende ei klage vedlagt 122 reklamesnuttar som vi meiner braut med norsk lov på YouTube.

YouTube retta seg etter kravet frå Lotteritilsynet, og stengde reklameinnslaga ute. Dette er i tråd med at selskapet stiller som krav at innhald på YouTube skal rette seg etter nasjonale lover – i dette tilfelle lotterilova og pengespellova.

## Ønskjer norsk turneringspoker

### *Det skjer i 2014*

Det går mot innføring av poker som lovleg pengespel her i landet. Regjeringa Solberg ønskjer å opne opp for landbaserte turneringar i poker.

Lotteritilsynet fekk jobben med å utarbeide forslag til forskrift eller forskriftsbestemmelse om pokerturneringar. Arbeidet var ferdig 1. mars 2014.

#### **Fekk rammer**

I arbeidet med regelverket la Lotteritilsynet mellom anna følgjande til grunn:

- Turneringspoker skal berre haldast i samband med bestemte meisterskap.
- Turneringspoker skal avgrensast til landbasert verksemd, og skal ikkje tillatast som internettspel.

Lotteritilsynet kom med framlegg til kva slags meisterskap regelverket skal gjelde for, innsats- og tapsgrenser og korleis overskotet skal fordelast til gode formål.



#### **Lisensordning**

Regjeringa Solberg varsla også ei anna endring i pengespelpolitikken. Ein ekstern instans skal i 2014 vurdere om det er aktuelt å opne den norske marknaden for utanlandske spelselskap gjennom ei lisensordning på linje med ein del andre land.

# Ekspertgruppe vurderer framtida

Kulturdepartementet sette i 2013 ned ei ekspertgruppe som skal vurdere den framtidige pengespelmarknaden i lys av den teknologiske utviklinga. Grappa skal levere ein rapport innan utgangen av 2014.

Ekspertgruppa er leia av direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Med i gruppa er også representantar for mellom andre Medietilsynet, Forbrukarombodet, Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

I alt er det ti medlemmer i ekspertgruppa. I tillegg står to av dei tilsette i Lotteritilsynet for ein sekretariatfunksjon.

## Rivande utvikling

Oppdraget til ekspertgruppa er å vurdere kva den rivande teknologiske utviklinga får å seie for pengespel i framtida. Særleg gjeld det med tanke på nye medium og plattformer for tilbod av spel.

Utviklinga fører til ei samansmelting av ulike plattformer for spel. Ekspertgruppa skal gi råd om korleis vi også i framtida, på ein slik bakgrunn, kan ha ein samfunnsmessig forsvarleg marknad for pengespel.



*Dette er ekspertgruppa. Framme frå venstre: Jørgen Tharaldsen (Artplant), Silje Sægrov Amble (sekretariatet), Atle Hamar (Lotteri- og stiftelsestilsynet), Anita Fjærem (Tecnobingo Scandinavia) og Ingvild Myhre (Rådgiverne AS). I midten frå venstre: Bente Øverli (Forbrukarombodet), Trude Høgseth Felde (sekretariatet), Torgeir Waterhouse (IKT Norge), Jan Peder Strømshlid (Norsk Tipping) og Carl Fredrik Stenstrøm (Norsk Rikstoto). Bak frå venstre: Rune Mentzoni (Universitetet i Bergen) og Thomas Haugan Hepsø (Medietilsynet). Silvija Seres (Teknologirådet) var ikkje til stades.*


# Klart for ny befolkningsundersøking

I 2013 starta Lotteritilsynet, saman med Universitetet i Bergen, arbeidet med ei ny befolkningsundersøking. Undersøkinga skal kartleggje omfanget av speleavhengigheit og problemspeling i befolkninga.

Innsamling av data vart gjennomført seinhaustes – før innføring av Norsk Tipping sine nye nettspel. Resultatet vil bli offentleggjort i april 2014.

For å berekne omfanget av problemspeling er dette den første befolkningsstudien som Lotteritilsynet har fått laga sidan 2008.

Det er aktuelt å gjennomføre ei ny befolkningsundersøking om eit par år for å kartleggje kva for effekt innføring av nye norske nettspel har hatt på speleåtferda.



# Reduksjon for pengespel – kasinospel aukar

Trafikken på Hjelpelinja fekk ein liten reduksjon i 2013. Nedgangen var i samtaler om pengespel medan samtaler om dataspel var stabilt samanlikna med 2012.

Det er endringar i korleis samtalene fordeler seg på ulike pengespel. Samtaler om kasinospel har auka gjennom fleire år samstundes som talet på samtaler om poker er redusert. Også oddsspel og bingospel er blant spel som forholdsvis ofte er tema i samtalene, men statistikken viser ein reduksjon frå tidlegare år.

## Rundt 1000 samtalar

Lotteritilsynet samarbeider med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja for speleavhengige. I 2013 hadde Hjelpelinja 1 088 seriøse samtaler om speleproblem. 982 av desse handla om spelarar. Samtaler om spelarar er redusert med 7 prosent frå året før.

Talet på samtaler om pengespel utgjør 657, og er redusert med 11 prosent sidan 2012. Samtaler som utelukkande handlar om dataspel utgjør 325, noko som er tilnærma uendra frå 2012 då talet var 326.

## Overvekt av menn

Blant dei som ringte eller vart omtalt ved Hjelpelinja om pengespelproblem i 2013 er 84 prosent menn. Snittalderen for menn er 35 år og for kvinner 46 år.

8 prosent av samtalene om pengespel handlar om spelarar som ikkje er fødte her i landet. For dataspel er andelen 2 prosent.

Blant førstegongs-samtaler er kasinospel, poker og oddsspel inklusiv liveodds, oftast nemnde som hovud-problemspelet med høvesvis 175, 80 og 65 samtaler. Blant desse er det berre samtaler om kasinospel som har auka frå 2012.

## Færre ringjer om bingo

Samtaler om bingospel (bingo og databingo) er no redusert gjennom to år, først frå 104 i 2011 til 79 i 2012. I 2013 vart det registrert 49 samtaler. Lotteritilsynet ser endringa i samanheng med at regelverket for databingo vart endra i starten av 2012.

Talet på samtaler om Multix er også redusert og utgjør 28 i 2013. I tillegg har Hjelpelinja motteke sju samtaler om Belago, dette er terminalspel frå Norsk Tipping som er utplassert i bingohallar.



Talet samtaler om hestespel er også redusert gjennom 2013. Som det einaste eller mest problematiske spelet vart hestespel nemnt 38 gonger.

Hjelpelinja registrerer i kva grad samtaler om oddsspel gjeld Norsk Tipping og i kva grad samtaler om hestespel gjeld Norsk Rikstoto. Når odds og liveodds er nemnt som hovudproblemspel, har 57 prosent sagt at det gjeld spel frå Norsk Tipping. Tilsvarende er det registrert i 87 prosent av samtalene om hestespel at det blir spelt hos Norsk Rikstoto. Desse prosentane kan reelt sett vere noko større sidan ikkje alle som nemner odds- eller hestespel samstundes nemner kven dei spelar hos.

Mange av problemspela blir spelt på Internett, og kasinospel, poker samt oddsspel blir oftast nemnt. I førstegongs-samtaler om pengespel oppgjør 65 prosent at hovudproblemspelet blir spelt frå PC, nettbrett eller mobiltelefon heime.

## Stabilt om dataspel

Hjelpelinja mottar også samtaler om dataspel som ikkje blir rekna som pengespel. I 2013 har 325 samtaler handla utelukkande om dataspel. I 2012 var talet 326. Mange av samtalene i 2013 handlar om rollespel (28 prosent) og ein del nemner strategispel (16 prosent) eller action- /skytespel (16 prosent).

Samtaler om dataspel kjem oftast frå pårørande. I 93 prosent av samtalene er spelarane menn og snittalderen er nær 19 år.

## Drift ut på anbod

Drifta av Hjelpelinja vart i 2013 lyst ut på anbod. Resultatet vart at Sykehuset Innlandet skal drive hjelpetilbodet vidare dei neste fem åra.

På slutten av 2013 vart Hjelpelinja sitt tilbod vidareutvikla. I staden for å ta kontakt på telefon, kan folk som har problem med speleåtferda si no også kontakte Hjelpelinja både på e-post og med SMS om dei ønskjer det.

# Laga nytt digitalt nettkart

Lotteritilsynet introduserte i 2013 eit nytt digitalt kart som viser korleis pengespel på nettet er regulert i Europa. Dette er ein del av Kunnskapsprosjektet i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Kartet ligg på nettsidene til Lotteritilsynet. Ved å klikke på det einkilde landet finn du informasjon om landet si organisering av nettspel, som framleis blir svært forskjellig regulert i Europa. Lotteritilsynet kan også tilby meir detaljert informasjon om den europeiske nettspel-marknaden i siste versjonen av Fjernspillrapporten.

## Samle og dele kunnskap


Kunnskapsprosjektet starta i 2012, og målet er å samle og dele kunnskap som vi får fram gjennom tilsyn og forvaltning på alle våre tre fagområde – pengespel, stiftelsar og moms/grasrot. Forutan det digitale kartet, vart det i 2013 mellom anna satsa på å systematisere sakene som Stiftelsestilsynet melder til politiet for moglege lovbrøt.

Dei siste fire åra har Stiftelsestilsynet politimeldt 28 saker, og vi kan dokumentere at slike politimeldingar gjerne først blir etterforska etter at Stiftelsestilsynet har påklaga at sakene er lagt vekk. Denne saka vart godt opplyst i medieoppslag.

## Områdekunnskap

I slike saker kan det vere snakk om både brot på stiftelseslova, rekneskapslova og bokføringslova – i tillegg til brot på straffelova i saker som gjeld økonomisk utruskap og underslag.

Kunnskapsprosjektet vil bli ført vidare i eit langsiktig perspektiv, men vi vil i framtida kalle det for områdekunnskap som vi meiner er meir presist.



# Då pengespelverda kom til Oslo

Norge og Lotteritilsynet var i 2013 for første gong vertskap for the IAGR Annual Conference. Dette er ein årleg konferanse som The International Association of Gaming Regulators (IAGR) arrangerer på omgang i medlemslanda.

Lotteritilsynet var teknisk arrangør for konferansen som vart halden på Rica Grand Hotel i månadsskiftet september/oktober. IAGR er samansett av representantar frå regulatoriske styresmakter i meir enn 50 jurisdiksjonar.

## Utveksle kunnskap

Målet med organisasjonen er å leggje til rettes for eit forum der speleregulatorar frå ulike land kan møtast for å utveksle informasjon og diskutere spelepolitikk. I Oslo møttest over 200 representantar frå ca. 40 ulike jurisdiksjonar. Konferansen gjekk over fire dagar, inkludert ein dag med omvising og sightseeing i Oslo. Kulturminister Hadia Tajik opna konferansen.

## Stort løft

På programmet elles stod mellom anna problemspeling, kampfiksing, speling i sosiale medium, i tillegg til det årlege medlemsmøtet med val av styre og ulike utval. Konferansen vart eit vellukka arrangement, men var samstundes eit stort løft for Lotteritilsynet, både fagleg og økonomisk. Våre tilsette var vertskap for konferansedeltakarane, og fekk delta i nettverksbygging og fagleg oppdatering om internasjonale problemstillingar på våre fagområde.



Våre tilsette var vertskap og det var populært blant gjestene at kvinnene stilte i bunad til festmiddagen på Grand Hotel. Frå venstre Berit Ullebø Nedberge, Linda Vøllestad Westbye, Turid Søggen, Elna Berge, Silje Sægrov Amble og Trude Felde.





*Avtroppande president i IAGR, Susan Hensel frå Pennsylvania Gaming Control Board, takkar direktør Atle Hamar for at Lotteritilsynet tok på seg å arrangere konferansen.*



*Dette er styret i IAGR samla i Oslo. Framme frå venstre: Mariah Echele, arbeidande sekretær, Trude Felde, vald sekretær, Susan Hensel (USA), Atle Hamar, Jenny Williams (Storbritannia) Birgitte Sand (Danmark), Dale Fuga (Canada), Serobi Maja (Sør-Afrika), A. G. Burnett (USA). Bak frå venstre Behki Mlambo (Sør-Afrika), Reuben Portanier (Malta), Blair Cairncross (New Zealand) Lau Peet Meng (Singapore), Kaye McDonald (Antigua)*

# Auke på to milliardar i brutto omsetning

I 2013 var brutto omsetning 30,8 milliardar kroner i den regulerte norske pengespelmarknaden, mot 28,7 milliardar året før. Auken skuldast mellom anna omsetningsauke på Norsk Tipping sine terminalspel Multix og Belago.

Førebelse tal viser at netto omsetning etter utbetaling av gevinstar fekk ein liten reduksjon.

På bakgrunn av tal for 2013 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 6 100 kroner på regulerte pengespel. Når gevinstante er trekte ifrå la nordmenn igjen 9 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjer 1 800 kroner per innbyggjar<sup>1</sup>.

## Nesten halv million spelarar på nett

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Sentio Research Norge AS har utført for oss, kjem det fram at 480 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2013, og at om lag 160 000 av desse spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2013, er enno ikkje kartlagt.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er det samla innsatsbeløpet frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinstar er utbetalt. Netto omsetning blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær).

## Norsk Tipping sine egne spel

Norsk Tipping si brutto omsetning for egne spel, eksklusiv Multix og Belago, var om lag uendra samanlikna med 2012. Omsetninga vart 11,3 milliardar kroner før vi reknar med omsetning på terminalspela Multix og Belago. Nettoomsetning vart redusert med 3 prosent frå 2012, og dette heng saman med auka omsetning for oddsspel med høgare gevinstprosent, og redusert omsetning for talspel med lågare gevinstprosent.

## Spel- og lotterimarknaden 2013

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping - egne spel, ekskl. Multix og Belago	11 336	5 115	1 452	655
- Multix	7 105	582	910	75
- Belago	2 266	189	290	24
Norsk Rikstoto	3 775	1 224	483	157
Talspelet Extra	935	474	120	61
Lotteri (eksklusiv Flax) *	400	300	50	40
Bingo *	4 500	1 000	580	130
Spel på skip <sup>3</sup>	459	90	59	12
<b>Totalt</b>	<b>30 775</b>	<b>8 974</b>	<b>3 940</b>	<b>1 150</b>
Per innbyggjar <sup>4</sup> (avrunda) Per capita	6 100	1 800	800	200

*\*) Estimert omsetning i 2013, NOK runda av til næraste 100 millionar, og EURO til næraste 10 million*

<sup>1</sup>Avgrensa til innbyggjarar 18 år og eldre blir gjennomsnittleg satsa beløp kr 7 800,- og gjennomsnittleg tap kr 2 300,-


<sup>2</sup>Noregs Bank, årsgjennomsnitt av midtkursar 2013: 7,8087

<sup>3</sup>Tal for omsetning er foreløpige / preliminary figures


<sup>4</sup>SSB, folkemengde 1. juli 2013: 5 077 798.

# Norske spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga i 2013

## Brutto omsetning 30,8 milliardar



## Netto omsetning 9,0 milliardar



På Multix og Belago vart det totalt spelt for nær 9,4 milliardar. Desse spela har høg gevinstprosent, og netto omsetning utgjer 771 millionar kroner. Omsetninga på terminalspel har totalt auka med 34 prosent for brutto omsetning.

### Liten reduksjon på hest

Norsk Rikstoto si brutto omsetning vart nær 3,8 milliardar kroner, og redusert med 3 prosent samanlikna med 2012. Talspelet Extra, som blir operert av Norsk Tipping, hadde ein auke i omsetninga på 8 prosent.

Førebelse tal for spel på norskregistrerte skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn viser også auka omsetning i 2013. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord<sup>5</sup> (spelebord<sup>5</sup> er Black Jack og rulett). Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2013 for 459 millionar<sup>6</sup> om

bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har sett på eit utval innrapporterte rekneskapstal og løyve gitt i Lotteriregisteret.

### 225 bingohallar

Foreløpige berekningar viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla brutto omsetning på i overkant av 4,5 milliardar kroner i 2013 medrekna databingo. Ved utgangen av 2013 var det 225 bingohallar knytt til bingoentreprenørar, og dette er ein liten reduksjon frå 2012 då talet var 230.

<sup>5</sup>Black Jack på alle seks skipa, rulett berre på to.

<sup>6</sup>Brutto omsetning: Omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetongar som er kjøpt. Omsetningstal er foreløpige.

Vi reknar med at omsetning for bingo og databingo er noko redusert i 2013 og særleg for databingo. Dersom vi tek omsyn til at Belago-terminalane til Norsk Tipping har auka si omsetning, vil likevel samla omsetning frå alt spel i entreprenørane bingo-hallar ha auka i 2013.

## Belago aukar

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingo-lokale. Terminalane erstattar dei tidlegare bingoautomatane som vart fjerna frå marknaden i 2010. Omsetninga på Belago utgjorde i 2013 nærare 2,3 milliardar kroner brutto og 189 millionar netto. Dette er meir enn ei dobling frå året før, noko som mellom anna skuldast ansvarleggjeringa av databingo. I tillegg vart det i 2013 plassert ut litt fleire terminalar. Lag og organisasjonar som får formålsinntekter frå bingo får også inntekt frå Belago.

I 2013 vart det gitt om lag like mange løyve til foreningsbingo som i 2012, og som for andre private lotteri reknar vi med ei stabil omsetning samanlikna med året før.

## Nordmenn si deltaking i norsk regulert lotteri- og pengespelmarknad

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målingar om speleåtferd i befolkninga<sup>7</sup>. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto og Flax dei spela som flest har spelt det siste året. Færrast har spelt på Oddsen, Keno eller på Multix. Målingane våre registrerer i svært liten grad spel på Belago, og tal frå Norsk Tipping stadfestar at få spelte Belago - i siste kvartal 2013 i overkant av 17 000. Om lag kvar sjette nordmann har spelt talspelet Extra i løpet av det siste året på undersøkingstidspunktet.

Blant Norsk Rikstoto sine hestespel er det flest som oppgir at dei har spelt på løp som går ein gong i veka (V75 eller V65). Spel som kan spelast kvar løpsdag (V5, V4 eller Dagens Dobbel) eller enkeltløp (Vinner, Plass, Duo eller Trippel) er det færre som har spelt<sup>8</sup>.

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

På grunn av feilmarginar ved målingane vil reell andel spelarar kunne avvike noko frå det som er presentert her.

Basert på målingane spelar menn oftare enn kvinner på ei rekkje spel. Det gjeld Viking Lotto, Eurojackpot, Tipping, Oddsen, Keno, Multix, spel hos Rikstoto og spel på skip. Kvinner kjøper oftare lodd i dei mindre lotteria.

## Utviklinga

Millionar	2012		2013		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping - egne spel, ekskl. Multix og Belago	11 393	5 283	11 336	5 115	0 %	- 3 %
- Multix	5 945	494	7 105	582	20 %	18 %
- Belago	1 044	89	2 266	189	117 %	112 %
Norsk Rikstoto	3 879	1 267	3 775	1 224	- 3 %	- 3 %
Talspelet Extra	864	435	935	474	8 %	9 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	422	341	400	300	stabil	
Bingo *	4 683	1 071	4 500	1 000	liten reduksjon	
Spel på skip <sup>9</sup>	431	86	459	90	6 %	5 %
<b>Totalt *</b>	<b>28 660</b>	<b>9 067</b>	<b>30 800</b>	<b>9 000</b>	<b>7 %</b>	<b>- 1 %</b>

\* Omsetninga er estimert og avrunda til næraste hundre millionar for år 2013.

<sup>7</sup> Sentio Research Norge AS utførte målingane for oss.

<sup>8</sup> Tal for omsetning er foreløpige for 2013.


<sup>9</sup> I tillegg til resultatata som er vist har 1 % sagt dei har spelt hos Norsk Rikstoto utan at dei har nemnt kva type spel.

Ein del av desse har i tillegg nemnt spel som V75 og V65.


<sup>10</sup> Resultatata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane.

# Andel<sup>10</sup> som har delteke i pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet).

## Deltaking i norske lotteri og pengespel 2013



## Menn og kvinner si deltaking i pengespel 2013



# Auke på norske nettspel - stabilt hos utanlandske

Målingar som Lotteritilsynet får utført<sup>1</sup> viser ein auke i talet på nettspelarar i 2013 samanlikna med året før. I 2013 viser målingane at 480 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte på Internett. Dette utgjer 12,2 prosent av den vaksne befolkninga<sup>2</sup>. For 2012 berekna vi 391 000 nettspelarar.

Sidan våre berekningar baserer seg på regelmessige målingar utført gjennom heile år, får vi etterslep. Talet på nettspelarar ved utgangen av 2013 kan reelt sett vere høgare enn vi får fram. Det kan også tenkjast at målingane i større grad fangar opp dei som spelar ofte og jamleg enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

Nettspelarar deltek både på norske og utanlandske nettstader, men langt fleire spelar på norske enn på utanlandske. 66 prosent har i 2013 svart at dei berre har spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto, 18 prosent har spelt både på norske og utanlandske mens 16 prosent berre har spelt på utanlandske nettstader.

## Stabilt estimat for utanlandske nettstader

Frå målingane har 160 000 spelarar spelt på utanlandske nettstader. Dette utgjer 4,1 % av befolkninga<sup>3</sup>. Talet er litt større enn i 2012, då vi berekna spelarane til 150 000. Endringa er likevel lita, og vi ser den som indikator på stabilitet.

I tillegg til kvartalsvise målingar får Lotteritilsynet utført to halvårlege undersøkingar der deltaking i pengespel blir kartlagt. Her inngår eit spørsmål om spel på nett hos andre tilbydarar enn Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, og 4,2 prosent<sup>4</sup> svarte i 2013 at dei har spelt på utanlandske nettstader i løpet av det siste året.

## Yngre menn spelar oftare

Målingane våre i 2013 viser at blant menn har 19 prosent spelt på nettet, og blant kvinner 6 prosent. I aldersgruppa 18 til 29 år har 17 prosent spelt. I gruppa 30 til 39 år er andelen 18 prosent. I aldersgruppene 40 til 49 år og 50 år eller eldre er prosentdelane høvesvis 13 og 8 prosent.


<sup>1</sup>På oppdrag frå Lotteritilsynet gjennomfører Sentio Research Norge AS kvartalsvise spørjeundersøkingar om pengespel på nett.

<sup>2</sup>Målingane vert utført kvart kvartal, der 1 000 personar 18 år og eldre vart spurde om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året. Andel nettspelarar er 12,2 prosent.

<sup>3</sup>Frå målingane har 4,1 % oppgitt å ha spelt på utanlandske nettstader. Talet spelarar er avrunda.

<sup>4</sup>Sentio Research AS utfører også desse halvårlege målingane. Undersøkingane vart gjennomført i juni og desember, 1 000 spurde kvar gong. Undersøkingane vart gjennomført i juni og desember, 1 000 spurde kvar gong.

## Kva slags spel har nettspejarane spelt dei siste tre månadene?



I 2013 svarte 78 prosent av nettspejarane at dei hadde spelt talspel som for eksempel Lotto i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet. Denne prosentdelen har vore stabil dei siste åra. Ein del oppgir også å ha spelt sportsspel, og i 2013 er andelen 22 prosent. For hestespel er andelen 11 prosent.

Andelen som har spelt andre spel er mindre. Til dømes har 9 prosent spelt poker. Det er også få som har spelt mellom anna automatspel, andre kasinospel og bingo.

### Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto kan tilby regulerte pengespel på nettet her i landet. Ifølgje målingane spelte 80 prosent av nettspejarane hos Norsk Tipping, medan 12 prosent spelte hos Norsk Rikstoto i løpet av dei siste 12 månadene.

Til samanlikning var det to utanlandske nettstader der 10 prosent eller fleire oppgir å ha spelt. Dette gjeld Unibet (14 prosent) og Betsson (10 prosent).

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto rapporterer at det totalt vart satsa nærare 5 milliardar på deira nettsider i 2013. Dette utgjer ein auke på om lag 850 millionar, eller 21 prosent frå 2012.

Vi reknar med ein auke i omsetninga for Norsk Tipping i 2014 då dei i januar lanserte interaktive spel på nett, mellom anna kasinospel, bingo og elektroniske skrapelodd.

### Frekvens og innsats

I målingane våre for 2013 har 43 prosent av nettspejarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i løpet av siste kvartalet. Gjennomsnittet var 16 gonger<sup>5</sup>, eller nærare halvannan gong i veka.

Nettspel forts.

<sup>5</sup>Snittal for gonger spelt i kvartalet er 15,8 gonger (N=468)

## Nettspel forts.

Blant dei som berre spelar på norske nettstader var snittet 13 gonger. For dei som berre spelar på utanlandske var snittet 19.

Når det gjeld innsats, seier 40 prosent at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen dei spelte. I snitt spelte dei for om lag 300 kroner .

Dei som berre hadde spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto spelte siste gongen i snitt for om lag 240 kroner. Dei som berre hadde spelt hos utanlandske spelte i snitt for 320 kroner<sup>6</sup>.

Frå våre undersøkingar ser det dermed ut til at dei som spelar hos utanlandske speleselskap spelar oftare og dei spelar for meir.

### Spelevar og betaling for spel

Spelarane bruker oftast PC eller Mac når dei spelar på nettet, men siste gongen dei spelte på nett brukte 27 prosent mobiltelefonen medan 9 prosent brukte nettbrett. 64 prosent nytta PC eller Mac.

75 prosent spelar på nett om ettermiddagen eller om kvelden. 5 prosent spelar om morgonen og 17 prosent spelar midt på dagen. 3 prosent spelar om natta.

Nettspelarane har fått spørsmål om dei har endra spelemønsteret sitt i løpet av dei siste 12 månadene. Totalt svarer 13 prosent at dei har endra spelemønsteret til ein viss eller i stor grad, og av desse seier nær halvparten at dei spelar mindre enn før. Nær like mange seier dei spelar meir enn før<sup>7</sup>.

Dei som spelar på utanlandske nettstader har også fått spørsmål om kva betalingsmåte dei brukte siste gongen dei overførte pengar til spelestaden. Over halvparten svarte dei brukte betalingskort . Ein del brukte også elektronisk lommebok<sup>8</sup>.

### Nordmenn sitt tap på utanlandske nettstader

Fjorårets årsmelding frå Lotteritilsynet hadde for første gong eit anslag for kor mykje nordmenn legg igjen eller taper på utanlandske nettstader. Dette er det beløpet som ligg igjen hos speleselskap etter at gevinstar er betalt ut til spelarar.

For 2012 sa vi at eit omtrentleg anslag kunne tenkjast å utgjere 1 milliard kroner, men var kanskje noko mindre. Utgangspunktet for berekninga var tal for «veddemål» og «onlinekasino» frå den liberaliserte marknaden i Danmark etter at Danske Licens Spil sin marknadsdel var trekt i frå. Denne operatøren svarer til Norsk Tipping i Norge.

Mellom 40 og 50 prosent av omsetninga i Danmark skriv seg frå dei andre lisensierte nettspeloperatørane i Danmark, og desse utgjere i stor grad nettspeletilbydarane som her i landet blir omtalt som utanlandske tilbydarar. I danske kroner utgjere dette i 2013 mellom 1 000 og 1 100 millionar som danskane har lagt igjen hos regulerte nettspeletilbydarar når omsetninga til Danske Spil er halden utanom.

Om vi føreset at Danmark og Norge stort sett er like, men reduserer noko for folketal, kunne beløpet som nordmenn ligg igjen på utanlandske nettstader tenkast å utgjere om lag 1 000 millionar kroner. Om det er slik at danskane spelar meir fordi speletilboda er regulerte i Danmark vil beløpet der vere noko større enn eit tilsvarande beløp i Norge. Eit anslag der nordmenn legg igjen 1 000 millionar på utanlandske nettstader ser vi som eit maksimumsanslag.

H2 Gambling Capital, eit britisk selskap som utarbeider estimat for pengespelmarknaden internasjonalt, estimerer at nordmenn legg igjen 700 millionar på utanlandske nettstader i 2013. Sidan dette beløpet ligg ein del under kva vi ser med utgangspunkt i danske tal ser vi talet frå H2GC som eit minimumsanslag.

Dermed vil vårt anslag for kor mykje nordmenn legg igjen på utanlandske nettstader ligge ein stad mellom 700 millionar<sup>9</sup> og 1 000 millionar kroner.

<sup>6</sup>Snitt for innsats siste gongen pålogga og spelte minst eit spel: kr 296 (N=479)

<sup>7</sup>Endra spelemønster i stor eller ein viss grad 13 % (N=487). Blant desse: Begynt eller spelar meir 40 %, slutta, pause eller spelar mindre 48 % og anna eller ikkje sikker 13 % (n=63).

<sup>8</sup>Betalingsmåte sist ein overførte pengar til eit utanlandsk speleselskap. Kredittkort 32 %, debet- eller bankkort 22 %, elektronisk lommebok 15 % andre betalingsmåtar eller ikkje sikker 31 % (N=164).

<sup>9</sup>NOK 700 mill, Gross Gaming Yield (GGY): Stakes (Handle /Amount Played) less Prizes but Including Bonuses (Also referred to as Gross Win). Data oppdatert 16.03.2014. Netto omsetning: Satsa beløp (inkludert ev bonusar) minus gevinstar.



## Kor mykje satsar nordmenn på utanlandske nettstader?

Å talfeste kor mykje nordmenn satsar på nettspel som ikkje er regulert i Norge har alltid vore vanskeleg. Tidlegare har vi basert anslag på spørjeundersøkingar, men med kunnskap om gevinstprosentar kan satsa beløp bereknast med utgangspunkt i anslag for kor mykje nordmenn har tapt eller lagt igjen.

Onlinekasino og oddsspel har høge gevinstprosentar. I Danmark oppgitt til 96 prosent for onlinekasino og 87 prosent for «væddemål»<sup>10</sup>. Den totale gevinstprosent for spel på utanlandske nettstader kan vi då anslå til å vere mellom 93 og 94 prosent, mellom anna fordi kasinospel ser ut til å ha ein større marknadssdel enn oddsspel.

Med desse berekningane vil nordmenn totalt ha satsa ein stad mellom 11 og 15 milliardar kroner for å kunne ha lagt igjen mellom 700 og 1 000 millionar kroner.

## Må ikkje samanliknast

Det er viktig å påpeike at desse anslaga for satsa beløp i 2013 ikkje må samanliknast med våre tidlegare estimat, og difor ikkje er uttrykk for at dei utanlandske speletilbydarane har auka si omsetning i Norge. Vi reknar framleis med at omsetninga på utanlandske nettstader har vore stabil dei siste åra. Dette fordi spørjeundersøkingane våre ikkje fangar opp auka deltaking i spel på anna enn dei norske nettstadene.

Tidlegare har våre estimat basert seg på kor mykje spelarar oppfattar at dei har spelt for og fortalt om i spørjeunder-

søkingar. Truleg har spelarar lettare for å vite kva dei har spelt for av «eiga lomme» eller kva beløp dei har overført til spelarkonto. Eit slikt beløp vil vere lågare enn verdien av alle spel som blir spelt. Dette gjeld til dømes for poker der ein lettare kan tenke seg kor mykje ein tok med seg til bordet enn kva ein totalt har satsa i alle spel. Problemstillinga vil også gjelde for automatspel der det er få sekund mellom kvart spel og spelaren i stor grad spelar opp igjen gevinstar etter kvart.

## Multix som illustrasjon

Eit norsk spel som kan illustrere problemstillinga for automatspel er Multix. Dette er rett nok ikkje eit internettspel, men her har vi reelle spelardata. På desse terminalane har om lag 110 000 nordmenn i 2013 satsa totalt 7,1 milliardar. På grunn av den høge gevinstprosenten (92 prosent) vart netto omsetning (tapt beløp) vesentlig mindre og 582 millionar.

På spelarnivå har kvar spelar, på grunn av raske spel, høg gevinstprosent og gjenspel av gevinstar, totalt satsa 700 kroner kvar gong det er spelt. Beløpet som spelar har overført av eigne pengar til Multix-terminalen for å kunne spele er likevel vesentleg lågare og utgjør i snitt 250 kroner.

Vi trur at spelarane lettare har begrep om ei overføring eller innskott på 250 kroner enn at verdien av all spel har vore 700 kroner. Data vi får fram i spørjeundersøkingar fangar difor neppe opp spelaren sin totale innsats inkludert gevinstar som blir brukt i nye spel.

Anslag i millionar kroner, rekna med utg. pkt. i estimat for netto omsetning	H2GC	vår samanlikning med Danmark
Brutto omsetning (totalt satsa)	10 800	15 400
- Gevinst (93,5 %)	10 100	14 400
= Netto omsetning (lagt igjen / tap)	700	1 000

<sup>10</sup><https://spillemyndigheden.dk/sites/default/files/nyheder-downloads/Statistik%20for%203.%20kvar%202013.pdf>

# Stiftelsestilsynet



*Gunn Merete Paulsen er avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet.*



*Team forvaltning frå venstre Eirik Haugen Tysse, Britt Gundersen, Ole Martin Sunnarvik, Øystein Fostvedt, Else Tefre og Anja Renate Myrvang.*

# Milliardar frå stiftelsane til gode formål

Trenden går i retning fleire store og færre små stiftelsar i Norge. Den nye Olav Thon Stiftelsen er eit godt døme i så måte. Opprettinga av denne stiftelsen førte til ein interessant debatt om stiftelsesforma her i landet.

Forretningsmannen Olav Thon overførte verdiar for 25,4 milliardar kroner til den nye stiftelsen som skal drive Olav Thon Gruppen AS vidare. Stiftelsen skal mellom anna støtte matematisk-naturvitskaplege og medisinske formål, og fremje entreprenørskap.

## Brei offentleg debatt

Opprettinga av Olav Thon Stiftelsen førte til ein brei offentleg debatt om bruken av stiftelse som langsiktig eigarform. Debatten viste at det framleis eksisterer mangelfull kunnskap om bruken av stiftelsar for å føre vidare ein formue i eit langsiktig perspektiv.

Dette skuldast mellom anna manglande kunnskap om stiftelsesforma. Her er Stiftelsestilsynet medviten om at vi må bidra med fakta og informasjon på ymse plan – både på kort og lang sikt. Det ønskjer vi å gjere, og konkret nytta vi debatten kring Olav Thon Stiftelsen til å skrive ein kronikk i Aftenposten. Her imøtegjekk vi ein del av dei forestillingane vi såg om kva som kan vere motivet for å overføre verdiar til stiftelsar.

## Store private formuar

Det er bygt opp mange store private formuar her i landet dei siste tiåra, og ein del av desse vil venteleg etter kvart blir ført vidare som stiftelsar. Vi har også fått signal frå den nye politiske leiinga i Kulturdepartementet om at stiftelsar blir vurdert som ei viktig framtidig finansieringskjelde mellom anna i kultursektoren.

Olav Thon Stiftelsen er i dag landets største stiftelse målt etter eigenkapital, med Gjensidigestiftelsen hakk i hæl. Bokført eigenkapital passerte med Olav Thon sin stiftelse 125 milliardar kroner ettersom talet var 99 milliardar kroner ved førre årsskiftet.


## Går oppover

Eigenkapitalen har gått jamt og trutt oppover frå 43 milliardar kroner då Stiftelsestilsynet vart etablert i 2005, med unntak for 2008 då finanskrisa førte til ein viss nedgang.

Norske stiftelsar gir også trygge og langsiktige arbeidsplassar til stadig fleire. Olav Thon Stiftelsen åleine har over 3000 årsverk, slik at talet på tilsette i norske stiftelsar med det venteleg passerte 40 000.

## Stadig nye bankstiftelsar

Talet på store stiftelsar aukar, og det er i dag eit dusin stiftelsar som har ein eigenkapital på over ein milliard kroner. Samstundes går talet på stiftelsar totalt framleis ned, sjølv om nedgangen ikkje lenger er så stor. I 2013 vart det etablert 127 nye, medan 282 vart avvika. Ved utgangen av året var talet på stiftelsar dermed 7438. Ved årsskiftet var talet på næringsdrivande stiftelsar 873 – resten er alminnelege stiftelsar. Bankstiftelsane aukar framleis, og det kom til tre nye i 2013 med Sparebankstiftelsen Harstad Sparebank som den største.



# Stiftelseskonferansen - ein viktig møtestad

Deltakarane på Stiftelseskonferansen 2013 var svært nøgde med programmet. Nesten 80 prosent av dei vi spurde meinte konferansen var nyttig eller svært nyttig fagleg sett.

Fjorårets stiftelseskonferanse var den femte i rekkja siden Stiftelsestilsynet vart etablert. Tema på denne konferansen var formålsrealisering, som er ei svært viktig side ved drifta av stiftelsane.

## Sterke fagfolk

Blant føredragshaldarane hadde vi også denne gongen besøk av dr. Ulrich Brømmling frå Tyskland, i tillegg til sterke fagfolk som professor Torger Rekve, professor dr. juris Tore Bråthen og advokat Gunnar Grimstad for å nemne nokre.

Særleg god tilbakemelding fekk vi på innlegget som Johan H. Andresen, eigar og styreleiar i Ferd, heldt om sosialt entreprenørskap i regi av selskapet. Han snakka rundt eit tema om korleis ta risiko for å få effekt av sosialt entreprenørskap.

## Viktig møtestad

Stiftelseskonferansen blir også vurdert som ein svært viktig møtestad for styremedlemmer og tilsette i norske stiftelsar. Etter konferansen i 2013 svarte 85 prosent at dei rekna konferansen i Førde som ein viktig møtestad. Over 90 prosent meinte Stiftelseskonferansen 2013 svarte til dei forventningane dei hadde.

Difor er det klart at det blir ein ny stiftelseskonferanse i 2015. Vi tek sikte på å arrangere den i slutten av april – også denne gongen i Førde.



Finansminister Sigbjørn Johnsen helste til Stiftelseskonferansen 2013.

# Hentar kunnskap om dei store

Stiftelsestilsynet ønskjer meir kunnskap om drifta av store stiftelsar. Difor gjennomførde vi tilsyn i 12 store stiftelsar i 2013, og held fram med nye tilsynsbesøk i 2014.


Tilsyna vart gjennomførde i ein del av dei 75 stiftelsane som har meir enn 100 millionar kroner i eigenkapital. Målet er etter kvart å besøke alle dei største – det vil seie rundt 60 stiftelsar.

## Blir drivne godt

Tilsyna gir Stiftelsestilsynet innblikk i drifta av dei store norske stiftelsane og korleis dei forvaltar sine formuar. Det er såleis snakk om eit overordna tilsyn.

Hovudintrykket etter å ha besøkt eit dusin stiftelsar i 2013 var at dei blir drivne godt og forvaltar kapitalen profesjonelt. Sjølv om det er eit overordna tilsyn vil vi følgje opp einskildstiftelsar om vi meiner det er nødvendig.

I 2014 skal vi etter planen ha tilsynsbesøk i åtte større stiftelsar om våren og like mange til hausten.



# Ny klagenemnd – nytt departement

Justisdepartementet har så langt vore klageinstans i stiftelsessaker, men vil truleg bli erstatta av ei ny stiftelsesklagenemnd i løpet av 2014.

Stiftelsesklagenemnda vil bli ei sjølvstendig klagenemnd. Dersom nemnda blir ein realitet, vil dette bety ein auke i årsavgifta.

Ved inngangen til 2014 fekk dessutan Stiftelsestilsynet nytt overordna departement. Ansvar for stiftelseslova vart då overført frå Justisdepartementet til Nærings- og fiskeridepartementet.



*Team tilsyn framme frå venstre Bjarte Urnes, Gro Pleyrn Iversen og Jo Huus. Bak frå venstre Per Ole Sollie, Terje Gjertsen, Tom S. B. Plünnecke og Silje Skaar Sunde.*

# Temakontroll med bustadstiftelsar

## Det skjer i 2014

Styring og forvaltning av bustadstiftelsar er eit omfattande tema. Av den grunn har vi hausten 2013 jobba med eit forprosjekt for å kartlegge grunnlaget for ein temakontroll i 2014.

Bakgrunn for val av tema er vår erfaring med mangelfull forvaltning og kontroll i ei rekkje norske bustadstiftelsar.

### Leiger ut under marknadspris

Dette gjeld for det første i forvaltningssaker der vi mottar søknader om endring av organisasjonsform for kommunale bustadstiftelsar fordi kommunen ønskjer å organisere bustadtilbodet på ein annan måte. Det er vanskeleg å avvikle ein stiftelse med denne grunngevinga fordi tilbakeføring av verdiar til opprettar ikkje er tillate etter stiftelseslova.

Vi ser vidare at det er nødvendig å føre tilsyn og kontroll med bustadstiftelsar fordi mange leiger ut utleigeobjekt til prisar langt under marknadsmessig utleigeverdi, utan grunnlag i vedtektene. Ei anna problemstilling er at

bustadstiftelsar ikkje byggjer opp økonomiske reservar slik at dei kan møte påreknelege kostnader til framtidig nødvendig fornying og vedlikehald.

### Auka kunnskap er målet

Vi ønskjer auka kunnskap om styring og forvaltning av bustadstiftelsar slik at vi kan føre eit effektivt tilsyn av desse. Med denne undersøkinga vil vi kunne avdekke omfanget av bustadstiftelsar som treng nærare oppfølging.


I forkant av temakontrollen har vi sendt ut ei delundersøking for å avklare kvifor mange bustadstiftelsar ikkje har grunnboksheimel til grunn, feste eller burettsandelar når det i rekneskapen for 2012 er oppført verdiar knytt til fast eigedom.

### Seminar til hausten

Resultata frå undersøkinga vil bli offentleggjort i ein rapport hausten 2014. Resultatet og problemstillingar knytt til forvaltning og styring av bustadstiftelsar vil vi også presentere på eit dagsseminar mot slutten av året.



→  
Seniorrådgjevar Bjarte Urnes.



←  
Seniorrådgjevar Terje Gjertsen.



## 10 største stiftelser etter egenkapital

	Eigenkapital i millioner
Olav Thon Stiftelsen	25 400
Gjensidigestiftelsen	23 411
Sparebankstiftelsen DnB	8 872
Sparebankstiftelsen SR-Bank	2 870
Stiftelsen Fritt Ord	2 804
Stiftelsen SINTEF	1 987
Sparbankstiftinga Sogn og Fjordane	1 811
Grieg Foundation	1 483
Kristiansand kommunes energiverkstiftelse	1 422
Stiftelsen Det Norske Veritas	1 213

## 10 største utanom sparebank- og finansstiftelser

	Eigenkapital i millioner
Olav Thon Stiftelsen	25 400
Stiftelsen Fritt Ord	2 804
Stiftelsen SINTEF	1 987
Grieg Foundation	1 483
Kristiansand kommunes energiverkstiftelse	1 422
Stiftelsen Det Norske Veritas	1 213
Stiftelsen UNI	1 036
Stiftelsen Brunstad konferansesenter	1 027
Stiftelsen Gerhard Jebsen	917
Stiftelsen Norges Varemesse	833



## 10 største sparebank- og finansstiftelsar

	Eigenkapital i millionar
Gjensidigestiftelsen	23 411
Sparebankstiftelsen DnB	8 872
Sparebankstiftelsen SR-Bank	2 870
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1 811
Sparebankstiftelsen Ringerike	828
Sparebankstiftelsen Hallingdal	799
Sparebankstiftelsen Helgeland	501
Sparebankstiftelsen Gran	500
Sparebankstiftelsen Jevnaker, Lunner Nittedal	448
Sparebankstiftelsen Hardanger	410

## 5 største nyregistreringar i 2013

	Eigenkapital i millionar
Olav Thon Stiftelsen	25 400
Sparebankstiftelsen Harstad Sparebank	154
Sparebankstiftinga Bø	93
Sparebankstiftinga Seljord	58
Stiftelsen Meningheshuset Schwensens gate 15	35

## 10 største stiftelsar talet på tilsette

Stiftelsen Kirkens Bymisjon	1 445
Stiftelsen SINTEF	1 191
Stiftelsen SIGNO	1 011
Stiftelsen Handelshøyskolen BI	999
Stiftelsen KANVAS	964
Institutt for energiteknikk	597
Stiftelsen Betanien Bergen	515
Stiftelsen VAPPUS	403
Stiftelsen Kirkens sosialtjeneste	393
Modum Bad - Gordon Johnsens stiftelse	290

# Moms og grasrot



*Fire som jobbar med momskompensasjon og Grasrotandelen, frå venstre Marion Lexau Nødseth, Bjarne Hellem, Beate Varlid og Justin Mulindabigwi.*

# Første kontroll av grasrotpengar

I januar 2013 fekk vi tilsynsansvaret med Grasrotandelen i Norsk Tipping. Då ny forskrift var på plass 1. juli, kunne Lotteri- og stiftelsestilsynet for alvor starte arbeidet med å luke ut aktørar som ikkje tilfredsstill dei nye krava til grasrotmottakarane.

I første omgang vart 19 mottakarar sjekka opp mot den nye forskrifta som seier at Lotteri- og stiftelsestilsynet kan stengje ute organisasjonar som ikkje har eit ålmennyttig føremål. Etter kvart vart fem av desse godkjende, medan 13 fekk varsel om utestenging. Eitt lag melde seg ut undervegs under tilsynet.

## Tips og media

Resultatet av den første kontrollrunden var ikkje overraskande. Dei fleste kontrollobjekta vart plukka ut på bakgrunn av tips og medieoppslag.

Det er viktig for Grasrotandelen sitt omdøme at Lotteri- og stiftelsestilsynet oppdagar og kan stengje ute alle som ikkje har krav på pengar etter at den nye forskrifta vart gjort gjeldande. Lukka veneklubbar og organisasjonar som ikkje har reell frivillig innsats, kan ikkje lenger hente grasrotpengar. Det same gjeld andre lukka kretsar av personar.

## Krev dokumentasjon

I tillegg har tilsynet også fått andre verkemiddel i sitt arbeid. Når det er mistanke om misbruk, kan Lotteri- og stiftelsestilsynet mellom anna krevje at organisasjonar dokumenterer at dei driv i tråd med regelverket for Grasrotandelen.

Blir misbruk dokumentert, kan vi stengje dei aktuelle aktørane ute i inntil fem år. Dessutan kan utbetalte midlar krevjast betalt tilbake.

## Viktig bidrag

Grasrotandelen har vokse år for år, og tilfører den frivillige sektoren stadig meir pengar. I 2013 vart det utbetalt 340 millionar kroner til 23 092 organisasjonar. Bak desse utbetalingane stod det i 846 830 grasrotgivarar.

I dag er det om lag 24 600 lag og organisasjonar som er godkjende i Grasrotandelen. Ordninga starta i 2009 ved at spelarar hos Norsk Tipping kan øymerke fem prosent av innsatsen til eit lag eller ein organisasjon.

## Klart for nye grasrottilsyn

Tilsyn med Grasrotandelen vil bli prioritert i 2014. Basert på røynslene frå første tilsynsrunde, tar vi sikte på eit større planlagt tilsyn denne gongen.

I tillegg kan det bli aktuelt å gjennomføre grasrottilsyn basert på tips som vi mottar.

# Passerte ein milliard i momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet passerte ein milliard kroner i utbetalt momskompensasjon til den frivillige sektoren i 2013. Talet på organisasjonar som mottar utbetaling passerte 18 000.

I alt vart det betalt ut 941 millionar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar, og dette er ein auke på 320 millionar frå året før. I tillegg vart det utbetalt momskompensasjon til bygging av idrettsanlegg for 62,3 millionar kroner.

I alt var det 17 863 lag og organisasjonar som mottok kompensasjon i den vanlege ordninga, og dette er 1 675 fleire enn året før.

## Avkortinga går ned


Avkortinga i høve til det totalt beløpet det vart søkt om, kom ned i 30 prosent. Det vil seie at alle fekk 70 prosent av summen dei søkte om, noko som skuldast at ramma vart auka frå Stortinget si side. Det er første gongen at avkortinga låg under 50 prosent.

Mest pengar går det til det lokale nivået i organisasjons-Norge ettersom nesten 60 prosent gjekk til lokale og regionale ledd. Vi registrerte 1 477 fleire lokallag og 54 fleire regionale lag i 2013 samanlikna med året før.

Berre 16 prosent av utbetalingane gjekk til sentralledda i fjor – om lag det same som året før.

## Informasjonstiltak

Dette er ei gledeleg utviklinga sidan målet er å nå flest mogleg lokale lag og foreningar. Ein del av forklaringa på auken kan vere satsing på informasjon frå tilsynet til kommunar og fylke, noko som igjen fører til oppslag i lokale medium.



# Skal dele ut 1,2 milliard kroner


## *Det skjer i 2014*

I 2014 skal Lotteri- og stiftelsestilsynet dele ut 1,2 milliard kroner i ordinær momskompensasjon. I tillegg er det ei ramme på ca. 55 millionar kroner til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.

Det er planlagt gjennomgang og klargjering av sentrale omgrep i ordninga med momskompensasjon. Gjennomgangen vil bli utført i tett samarbeid med den frivillige sektoren.

### **Lagar ny rettleiar**

Vi skal dessutan utarbeide ein rettleiar til forskrifta om momskompensasjon for frivillige organisasjonar. Den skal vere tilgjengeleg for alle potensielle brukarar innan utgangen av året. Målet er å gjere søknadsprosessen enklare, og gi betre forståing av regelverket.





*Våre tilsette i kommunikasjon, frå venstre Rune Timberlid, Anne Mette Hjelle, Bjørn Leirdal og Steinar Hatlestad.*

# Nominert til årets statlege nettstad

Seks stjerner, best av alle på brukartilpassing, og ein av tre nominerte til beste statlege nettstad. Det vart resultatet då Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) kåra dei beste offentlege nettstadene i Norge i 2013.

Ambisjonen vår er å vere blant dei beste. Vi er godt nøgde med resultatet, og har arbeidd systematisk for å nå målet.

## Tre kriteriesett

Årleg gjennomfører Difi kvalitetsvurdering av om lag 700 statlige og kommunale nettstader. Basert på eit sett kriterier som ser på tilgjengeligheit, brukartilpassing og nyttig innhald, vurderer Difi kven som har dei beste offentlege nettsidene i Norge.

Nettstadene blir gradert i form av stjerner, frå ein til seks, der seks stjerner er det beste resultatet du kan oppnå.

## Viktig med kvalitetsvurdering

At Difi årlig gjennomfører sine kvalitetsvurderingar av offentlege nettstader er svært viktig. Det held oss som arbeider med dette til dagleg på tå hev, og det minner oss om område vi har eit spesielt ansvar for å følgje opp. Politiske føringar, internasjonale standardar og beste praksis er det vi strekkjer oss etter.





*Teknisk, utvikling og drift, framme frå venstre Anders Finland, Kåre Eide, Sindre Hauglum og Rolf Woll.  
Bak frå venstre: Kristian Åsnes, Åse Kristin Andersbakken, Arne Hammer og Anders Soleim.*



# Vi satsar på digitalisering

Avdeling for teknisk utvikling og drift er pådrivar for å følgje opp regjeringa si satsing på digitalisering. Hausten 2013 la digitaliseringsprosjektet i Lotteri- og stiftelsestilsynet fram ei liste med tiltak som vi skal prioritere.

Vi sette også i gang eit nytt prosjekt saman med Brønnøysundregistrene. Målet er at stiftelsane skal få handsama sakene sine raskare. For å få til dette skal vi utvikle papirkommunikasjon på stiftelsesområdet, og å få på plass ei ny løysing for elektronisk kommunikasjon.

Brønnøysundregistrene og tilsynet vart raskt samde om ei kommunikasjonsløysing som er god for begge. Rett før nyttår hadde Brønnøysundregistrene og tilsynet utvikla ferdig papirfri løysing.

## Publikum kan søke i vedtektene

I januar fekk TUD på plass ei løysing som gjorde det mogleg for publikum og andre interesserte å søkje i alle vedtektene i landets ca. 7600 stiftelsar. Målingar viste at publikum nyttar Stiftelsesregisteret meir etter at den nye løysinga kom på plass.

Vi kunne i 2013 endeleg feire driftsetting av den interne saksbehandlingsdelen i Stiftelsesregisteret. Med den nye løysinga på plass kunne Stiftelsestilsynet handtere sakene sine meir effektivt.

## Vi lagar nytt Lotteriregister

Tida er moden for å utvikle ein ny versjon av Lotteri-registeret. Dette er eit stort prosjekt som TUD starta våren 2013. Vi skal utvikle registeret i fleire trinn. Første del skal setjast i drift hausten 2014.

Våren 2013 hjalp vi Kulturdepartementet med å utvikle eit nytt elektronisk søknadsskjema for frivilligsentralar. Skjemaet vart sett i drift i juni. Skjemaet fungerte som planlagt, og vi sendte alle søknadene vidare til departementet for vidare sakshandsaming.

## Vi laga betre e-skjema

Frå 1. juni kunne lag og organisasjonar søkje moms-kompensasjon på elektronisk søknadsskjema. Med ei ny løysing på plass i år kunne organisasjonane mellomlagre skjema før innsending.

TUD prioriterte i fjor å halde vedlike kjernesystema i driftsmiljøet. Vi fekk på plass ein del teknisk infrastruktur for katastrofeløysing. I 2013 jobba vi også ein del med rutinar og dokumentasjon for it-forvaltning.

# Det skjedde i 2013

## Januar

- Søknadsfrist for tiltak mot speleavhengighet
- Vi overtok tilsynsansvaret for Grasrotandelen
- Vedtektene i 7600 stiftelser vart søkbare for publikum
- Tilsyn med store stiftelser starta
- Starta sakshandsaming i Stiftelsesregistereta

## Februar

- Rekneskap for bingo og bingoentreprenørar innsende
- 5100 informasjonsbrev om rekneskapsrapportering sende ut
- Planlegging av tilsynsrolle Grasrotandelen starta
- Vi møtte i Europarådet om konvensjon mot kampfiksing

## Mars

- Intern sakshandsaming i Stiftelsesregisteret sett i drift

## April

- Rekneskap for første kvartal for bingoentreprenørar sende inn
- Vi sakshandsama søknader om idrettsmoms
- Hjelpelinja for speleavhengige runda 10 år

## Mai

- Søknadsskjema generell ordning momskompensasjon publisert
- Søknadsfrist mva-kompensasjon idrettsanlegg
- Femte stiftelseskonferansen vart arrangert i Førde
- Utvikling av nytt lotteriregister starta – første del i drift hausten 2014
- Samarbeidsforum mot kampfiksing med sitt første møte i Førde
- Gjennomførde systemrevisjon av speltransaksjonar i Norsk Tipping

## Juni

- Frist for søknad tilskot frå overskotet til Norsk Tipping
- Sakshandsaming starta for generell ordning momskompensasjon
- Frist for rekneskapsrapportering for lotteriverdige organisasjonar

## Juli

- Utbetaling av overskotet i Norsk Tipping – 676 millionar kroner fordelt over tre utbetalningar
- Starta dei første 19 tilsynssakene Grasrotandelen

## August

- Frist for innsending av halvårsrekneskap for bingo i pott
- Tilbakekalte godkjenning for organisasjonar som ikkje sende inn rekneskapstal
- Sakshandsaming idrettsmoms ferdig
- Gjennomførde revisjon av Norsk Tipping si plattform for ansvarlegheit
- Nordisk direktørmøte i Finland fekk overlevert rapport om kampfiksing i Norden

## September

- Sletta godkjenning for om lag 170 organisasjonar som ikkje sende rekneskapsrapport
- Søknadsfrist på den generelle ordninga momskompensasjon
- Vi utbetalte idrettsmoms
- Lotteritilsynet var vertskap for konferanse i International Association of Gaming Regulators i Oslo
- Første møtet i ekspertutvalet som skal greie ut framtidens pengespel (Hamarutvalet)
- Vi møtte i Europarådet sitt utval om kampfiksing
- Gjennomførde banekontrollar på Momarken, Øvrevoll, Biri og i Bergen

### Oktober

- Rekneskap for tredje kvartal bingoentreprenørar sende inn
- Søknadsfrist for bingoløyve som skal gjelde frå 1. januar

### November

- Ferdig med sakshandsaming generell ordning momskompensasjon
- Starta prosjekt med Brønnøysundregistrene – avvikling av papirkommunikasjon på stiftelsesområdet

### Desember

- 68 nye nettspel frå Norsk Tipping godkjende
- Gjennomførte revisjon av Norsk Rikstoto sine tiltak mot uheldig speleåtfærd
- Hadde revisjonar marknadsføring av statlege pengespel
- Utbetalte 52,5 millionar kroner frå overskotet i Norsk Tipping
- Opna søknadsrunde momskompensasjon 2014 for idrettsanlegg
- Utbetalte generell momskompensasjon – 941 millionar kroner
- Norges største stiftelse registrert – Olav Thon Stiftelsen



2013 var eit travelt år i Lotter- og stiftelsestilsynet, også for frå venstre Steinar Mjøs, Steinar Hatlestad og Ulf Stockhaus.



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)  
[lottstift.no](http://lottstift.no)

